

Sak 7 b) ICAN - forbod mot atomvåpen

Sogndal bør slutte seg til ICAN sitt globale opprop mot atomvåpen

I ei farlegare og meir uføreseieleg verd er tryggileik det viktigaste

- ***Scenario Vestland 2040***

Ican Cities Appeal er eit globalt opprop der byar og lokalsamfunn viser støtte til FN sitt forbod mot atomvåpen. Traktaten som forbyr atomvåpen vart vedteken av eit stort fleirtal av FN sine medlemsland i juli 2017. Nobelkomiteen har anerkjent atomvåpenforbodet som *eit viktig, kanskje avgjerande, skritt på vegen mot ei verd fri for atomvåpen*. Noreg har så langt valt å gå i mot FN-fleirtalet og står utanfor denne viktige avtalen. Gjennom Ican Cities Appeal kan norske kommunar og lokalsamfunn bidra til å auke presset på nasjonale myndige for å bli del av forbodstraktaten

I Vestland fylkeskommune sitt framtidsscenario-arbeidet for Vestland 2040 har vi sett at eit mogleg framtidsscenario for Vestland er at vi i 2040 vil leve i ein region og eit Europa prega av større grad av motsetnad mellom folk og nasjonar, utryggileik og truslar. Når vi ser på verda rundt oss, ser vi at dette framtidsscenarioet allereie er høgst reelt. Vi opplever at krig, terror og alvorlege menneskerettsbrot preger både Europa og vårt nærreste omland. I denne røynda er også trusselen knytt til atomvåpen høgst reell.

Med bakgrunn i dette vil Sogndal SV på det sterkaste oppmode Sogndal kommune om å slutte seg til ICAN sitt globale opprop, der byar og lokalsamfunn viser støtte til FN sitt forbod mot atomvåpen.

Sogndal kommune er djupt uroa over den alvorlege trusselen som atomvåpen utgjer mot lokalsamfunn over heile verda. Vi meiner innbyggjarane våre har rett til å leve i ei verd fri for atomvåpen. All bruk av atomvåpen, anten det skjer bevisst eller på grunn feil eller uhell, vil ha katastrofate omfattande og langvarige konsekvensar for menneske, miljø og samfunn. Difor støttar Sogndal kommune FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og vi oppmodar den norske regjeringa til å bli del av avtalen.